



# Ny kommune i indre Sunnfjord

## Prosjektgruppa

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:  
Øystein Høyvik  
Tlf. 57612650

Vår referanse:  
16/3693-20-ØH-  
FE - 002

Dato:  
26.10.2016

## Ny kommune i Indre Sunnfjord, referat frå møte i prosjektgruppa 24.10.16

Tidspunkt : 24.10.16 kl 12.00 -14.00  
Stad : Førde rådhus, møterom Haukedalen

Til stades:

Atle Fasteland, Ole John Østenstad, Børge Tvedt, Trond Ueland, Torill Anita Segtnan, Marit Solheim, Elin Enebakk, Stian Jakobsen, Kåre Træen og Øystein Høyvik.

Fråfall:

Øyvind Bang-Olsen

### Utsendt dagsorden

1. Gjennomgang av referat frå møte 30.09.16 (sjå vedlegg)
2. Nytt frå fylket mv v/ Kåre Træen
3. Skjønsmidlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ Øystein Høyvik (sjå vedlegg)
4. Status i arbeide med oppfølging av kommunestyrevedtaka gjort før 01.07.16 v/ rådmennene
5. Drøfte bruken av infrastrukturmidlar, kr 5 millionar (sjå vedlegg)
6. Status intensjonsavtale inkludert tilleggsdokument v/ Ole John Østenstad
7. Avklare kva område ein ynskjer å sjå på når det gjeld harmonisering og tettare samarbeid v/ Øystein Høyvik
8. Involvering av
  - a. Eldreråd og Kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne (sjå vedlegg)
  - b. Dei kyrkjelege fellesråda (sjå vedlegg)
  - c. Kva andre grupper må vi tenke på?
9. Felles formannskapsmøte 27.10.16 v/ Øystein Høyvik
10. Dagsorden møte i styringsgruppa 28.10.16
11. Kommunikasjons-/informasjonsplan v/ Øystein Høyvik
12. Seminar 31.10.16 og 01.11.16
13. Tidspunkt for fellesmøte for HTV, HVO, personal- og kommunalsjefar i alle kommunane v/ Øystein Høyvik
14. Møteplan – behov for endringar?
15. Eventuelt

### Gjennomgang av referat frå møte 30.09.16

- Godkjent.

### Nytt frå fylket

- Kåre Træen informerte om Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si tilråding pr 01.10.16, og arbeid som har skjedd i etterkant av denne.

### Skjønsmidlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

- Prosjektarbeidet med ny kommune i indre Sunnfjord har for 2016 fått tildelt kr 1,6 millionar i skjønnsmidlar. Fylkesmannen skriv i sitt tildelingsbrev at «*Kommunane*

*Jølster, Førde, Gaular og Naustdal har gjort vedtak om samanslåing. For å starte arbeidet med å bygge den nye kommunen, er det etablert ein prosjektorganisasjon med prosjektdirektiv fram til fellesnemnda blir oppretta hausten 2017. Til dette arbeidet søker kommunane v/ Førde kommune om skjønnsmidlar på 1,8 mill. kroner. Grunnlaget for søknaden er eit budsjett på 3,250 mill. kroner».*

- Utarbeiding av oppdatert prosjektbudsjett inkludert fordeling av midlar blir gjort i seinare møte.

### **Status i arbeide med oppfølging av kommunestyrevedtaka gjort før 01.07.16**

- Rådmennene gjorde greie for innhaldet i utkast til notat som vil bli drøfta i styringsgruppa sitt møte 28.10.16.

### **Drøfte bruken av infrastrukturmidlar, kr 5 millionar**

- Bruken av infrastrukturmidlar må sjåast i samanheng med notat omtalt i sak over, og vidare drøfting blir derfor utsett til seinare møte.

### **Status intensjonsavtale inkludert vedlegg**

- Vedlegg til intensjonsavtalen er oppdatert i tråd med vedtak og avtalar
- Intensjonsavtalen inkludert vedlegg, kommunestyrevedtak pr 01.07.16 inkludert oppfølging av desse utgjer plattformen for det vidare prosjektarbeidet

### **Avklare kva område ein ynskjer å sjå på når det gjeld harmonisering og tettare samarbeid**

- Drøfting gjennomført
- Prosjektleder oppdaterer plan inkludert framdrift til neste møte i prosjektgruppa

### **Involvering av Eldreråd og Kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne**

- Jf vedlagt brev til ordførarane i alle kommunane ynskjer eldreråda og kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne å vere ein aktiv deltakar i arbeidet med å etablere ein ny kommune, noko prosjektgruppa opplever som positivt
- Prosjektgruppa vurderer det som naturleg at råda i denne prosjektfasen blir informert og involvert gjennom den enkelte kommune
- Prosjektgruppa oppmodar også den enkelte kommune til å involvere Ungdommens kommunestyre på lik linje med dei kommunale råda
- Endeleg avgjerd blir gjort av styringsgruppa i møte 28.10.16

### **Vidare involvering av dei kyrkjelege fellesråda**

- Styringsgruppa bestemte i møte 19.09.16 at «Dei kyrkjelege fellesråda vil bli invitert til møte med styringsgruppa tidleg 2017, og ein vil ta stilling til søknaden i etterkant av møtet»
- Dei kyrkjelege fellesråda blir invitert til å delta i delar av styringsgruppa sitt møte 3. februar 2017 (inntil ein time)

### **Felles formannskapsmøte 27.10.16**

- Utsendt dagsorden gjennomgått
- Prosjektgruppa vurderer at det er viktig at møtedeltakarane med bakgrunn i positive vedtak pr 01.07.16 i dette møtet har fokus på kva som må til for å få til ein vellukka samanslåingsprosess

### **Involvering av andre grupper**

- Prosjektgruppa vil invitere til informasjonsmøte for
  - Frivillig sektor generelt
  - Idrettslag/idrettsråd spesielt
  - Næringsliv

- Andre

### **Dagsorden møte i styringsgruppa 28.10.16**

- Møtetidspunktet blir etter drøfting med leiar av styringsgruppa flytta til kl 09.00 – 12.00 same dag
- Prosjektleiar avklarar dagsorden med leiar av styringsgruppa

### **Kommunikasjons-/informasjonsplan**

- Oppdatert utkast til plan blir drøfta i neste møte

### **Seminar 31.10.16 og 01.11.16**

- I etterkant av samlinga komande veke vil vidare deltaking bli vurdert

### **Fellesmøte for HTV, HVO, personal- og kommunalsjefar mv i alle kommunane**

- Vil bli gjennomført i tråd med prosjektdirektivet seinast i desember 2016
- Det vil bli gjennomført separate møter for HTV/HVO og administrativt tilsette
- Når det gjeld møte for HTV/HVO kjem prosjektleiar saman med dei tillitsvalte tilbake med meir konkret forslag i neste møte prosjektgruppemøte
- Når det gjeld møte for administrativt tilsette kjem prosjektleiar tilbake med meir konkret forslag i neste prosjektgruppemøte

### **Eventuelt**

- Tillitsvalte si deltaking i prosjektorganisasjonen
  - Prosjektleiar saman med dei tillitsvalte arbeidar vidare med korleis ein skal sikre best mogleg arbeidsforhold for tillitsvalte – døme kan vere faste arbeidsmøte mellom tillitsvalte og prosjektleiar

Med helsing

Øystein Høyvik  
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

### **Kopi til:**

Fylkesmannen i Sogn og Fj  
v/ Træen  
Styringsgruppa